


ASSA: Kolehattane var tilpassa det der dei hang. Dei kunne for ha litt ulik form. Denne (R.15808) er gjort større ein g for å passe til ein anna hus.

FOTO: BJØRN AUSTIGARD




MONTERER: Handverkar Øyvind Vestad monterer den nye kolehatten eg laga til Steffågarden i sommar. Holet er «spunsa» så kola kan ikkje brukast, men det ligg mykje pedagogikk i denne opphenginga ute på Husøya.

FOTO: ØYVIND VESTAD



PLASSERT: Det firkanta holet i taket og hempene som enno står det, viser kvar kolehatten var plassert. I den andre stua på Steffågarden har det også vore kolehatt. Holet er der, men ein ser berre merke etter dei to hempene som ein gong heldt hatten på plass. (Foto BA 2023)

FOTO: BJØRN AUSTIGARD




BJØRNEREMSTUA PÅ FISKERIMUSEET: Dette var ei fiskestau/sjøstau som bjørneremfolket budde i under sesongfisket ved Husøya og Ona. Under stueloftet heng ein det med ei trunkole. Røyken og osen frå kola vart leia opp på loftet ved hjelp av kolehatten. Dette er éin av tre kolehattar i Romsdalsmuseets samlingar, og det er den (til no) som viser bruken, men hol i loftstaket etter gamle kolehattar er det mange av i museets samlingar.

FOTO: ØYVIND VESTAD



STASLAMPEN: Parafinlampene kom til oss alt i 1860-åra. Staslapper som denne vart kjøpt inn og plassert i mange «finstuer» silk som her i Steffårgarden, men det kosta pengar. Kolehatten, kola og lysa (trana) laga dei sjølve, men lyset frå parafinlampene konkurrerte ut kola.

FOTO: ROMSDALSAMUSEETS FOTOKARKIV



FRÅ LØVIKRENNIL: Holet og dei to hempene fortel at her har det hange ein kolehatt. Det er ikkje berre kolehatten som har vore skura, men også stuetaket.

FOTO: ANNI INGSJØRD DALE




STAVIKK: Frå eit loftsgolv på ein husmannsplass i Stavikka, Fræna. Huset vart rive 1978.



FRÅ EIDESTUA PÅ ROMSDALSAMUSEET: Dette er ei røykstue der trankola heng på ei lang stong – ei kolbandsvelv. Ved å snu på stonga fekk ein lyset frå kola dit ein ville ha det. Røyken frå kola går her opp gjennom ljoren i taket. FOTO: ROMSDALSAMUSEETS FOTOKARKIV



TETTA: Oppe på loftet er det lett å sjå at holet for kolehatten er tetta att med ein tre-kloss. Silk er det også i Påskhella på Fiskerimuseet, i Pålgarden (frå Løvikel) på Romsdalsmuseet og i Løvikremma på Gossen.



VASKA: Kolehatt i Romsdalsmuseets magasin, R.1778. Slike kolehattar vart skura reine for sot kvar vår. Treverket er derfor trekvitt og glatt etter mykje vask.

FOTO: BJØRN AUSTGÅRD

Tran-kola og den «gløymde» kolehatten

Søndag 2. juli var eg i Steffårgarden på Husøya for første gong. Det var ei stor oppleving.

Eg vart vist inn i eit hus der «tida har stått stille», og eg tenkte: Det er jammen bra at Romsdalsmuseet har sikra seg dette kulturminnet. Huset og innreinga er heilt autentisk, men det som fascierte meg mest, var dei synlege spora i loftstaket i både stueene etter kolehattar. Kva er så ein kolehatt?

Tran og trankoler

For parafinlampa kom i 1860-åra, hadde dei aller fleste i Romsdal berre trankoler som lyskjelde i lange vinterkveldar. Det måtte vere stussleg, men trana laga dei sjølv frå fiskelever, så ho var nærast gratis. Talglys hadde dei ikkje råd til å bruke utanom i julehøgtida og i kyrkja ved dei tider.

Trana som dei brukte i kolene – eller lyse som dei helst sa – var ukoka tran som dei laga ved å samla torskelever i ein stamp eller liknande. Der gjekk 'røtingsprosessen' sin gang, og då flaut lysa opp som ei klar væske. Anna Bjørnerem skriv i ein artikkel at det var ei eiga lysebu i det gamle fellestunet på Husøya. Det var praktisk, for lyse (rå-tran) kunne brukast til så mangt. Sjølv etter at dei tok til å 'koke' tran i 1860-åra, var det heilt vanleg å lage lyse på gamlemåten til trankolene i mange ti-år framover.

Trankoler med og utan 'hatt'
Den tida folk budde i røykstuer, gjekk røyken frå røykammen, og osen og sot frå kola, opp gjennom ljoren i taket og ut i fri luft. Dette er vist i Eidestua (frå Eidsbygda) og Rangholstua (frå Julsundet) på Romsdalsmuseet. Det var praktisk, men ikkje særleg helsesamt.

Etter at folk fekk seg loftstuer – dvs. hus i to etasjar – mura dei skorsteinspiper for å få ut røyken, men osen frå trankolene var den same. Det var berre det at no samlast osen/røyken seg i rommet der kola brann, og det var ubehageleg. Dette løyste dei ved å sende osen gjennom eit hol i loftsgolvet og opp på loftet. Det er her kolehatten kjem inn.

Kolehatten – form og funksjon

Ein kolehatt har form som ein pyramide der spissen er kappaa av. Hatten var opphengt etter to krokjar oppunder taket, og toppen på den avskorne pyramiden høvde med eit like stort hol i loftstaket. Inne i kolehatten var det ei tre-stong som kola vart hengt på. Når veiken på kola brann, gjekk røyken/osen frå denne opp gjennom hatten og holet og opp på loftet. Korleis lufta vart oppå loftet, kan me berre tenkje oss. Dei som sat på stua og spanna eller bøtte garn i skinet frå kola, hadde det truleg ikkje så verst fordi dei visste ikkje av noko anna.

Parafinolja tok over

Parafin vart første gong framstilt i Wien i 1857, og parafinlampene vart teikne i bruk temmeleg fort også her hos oss. Dei lysste betre, men parafin kosta pengar, i motsetnad til tran som dei

laga sjølve. I fleire ti-år var både delar i bruk, men når den siste kolehatten vart hengt bort for godt, er det ingen som veit. Eitt er i alle fall sikkert: Det er svært få kolehattar som er bevarte men syrlige hol etter dei har eg sett mange av. I Romsdalsmuseets samlingar er det (truleg berre tre hattar, og det er berre i Bjørnremstua på Fiskerimuseet at det heng ein oppe. Skulle du ha ein – eller vite om ein – så bør du kontakte museet. Det er her tale om kleodium frå ei anna tid.

Parafin, som er ei såkalla mineralolje, er like lettflyrande og ved minus 20 som ved pluss 40 grader, og det er her den nye lampeolja hadde alle fordelane på si side. Heimlaga lyse i ei kaldt rom var tjuktflyrande og ei brann dårleg, og arbeidslyse vart deretter.

Kopi av ein kolehatt

I Steffårgarden har er hempe for å henge opp kolehatt i der eine stua og restar etter hempet i den andre, men hattane manglar. For at kommande slekter betre skal forstå kva funksjon desse hola ein gong hadde, lagde eg i sommar ein kopi som kan takast fram når rette høvet byr seg. Eitt er i alle fall sikkert: De aller fleste som besøker Steffårgarden i dag, gjer det på dagtid og då legg dei ikkje merke til korleis hola i loftstaket ellek hempe ved sida av. Heng derimot ein kolehatt med e kole under i hempene, vil dei kanskje gå opp eit lys for dei fleste.